

# **Referat / Manus til foreldremøte i 3. og 4. klasse**

## **Tysdag 28. april 2015 kl. 18.00**

Møtet vart flytta til kl 19.30 – 21.00 fordi 1. klasse hadde lagt sitt møte til same tidspunkt som 3.og 4.klasse.

3. og 4. klasseforeldra var saman første del av møtet.

Bodil og Herborg delte litt frå livet i klasserommet. Me såg opptak frå morgonsamlinga nyleg, der våre klassar stod for programmet.

Eirene Kleiveland hadde eit foredrag utfrå innhaldet i Circle of Security.

- Orienetering om faga me har saman**

### **Samfunnsfag / Naturfag**

Me følgjer Cumulus boka. I år er det 3. klasse pensum. Temaene i samfunnsfag denne våren er Landsdel, Kommune, Næringsliv, Journalist, elv, innsjø, fjord, hav, litt om verdsdelar og tidsoner. I naturfag er det Meteorologi, Lyd, Luft, Skjelettet, fordøyninga, Livsløp, Nedbrytarar, Kjeldesortering. Det vert ein del formidlingsstoff. Eg legg vekt på å levandegjera stoffet med å dra inn aktuelle fagpersonar på sitt felt, ordføraren, dyrlege, journalist. Elles viser det seg at det er vanskeleg å hugsa det som er gjennomgått i klassen. Oppsummeringa og repetisjonen me gjer kvart halvår er avgjerande for at fagstoffet skal setja seg. Vis eit eksemplar. Flott at de er med å bidrar her. Det me har arbeidd praktisk med og t.d. dramatisert set best!!!

### **RLE:**

Føl boka Vi i Verda. 3.klasse pensum dette året. Temai i vår: Filosofi og Etikk; Løgn, Mobbing, Samvit, Sokrates, GT; Josef, Moses, Islam, Jødedommen og Humanisme. Samtale er ein viktig del av dette faget. Dele opplevingar, tankar og resonnera omkring aktuelle tema.

### **Grupper i norsktimar:**

Ein time for dagen er me 6 personar på 3. og 4. klasse. For å utnytta desse ressursane best mogeleg har me etter jul delt elevane i grupper. Aktuelle grupper er; Blyantgrep og skrivetrening, Lesetrening, rettskrivingstrening, engelsk, Sosialkompetanse, Begrepstrening, minnetrening ( Auditivt og visuellet) drill av gongtabell, motorisk trening. Gje eksempel på Psykologisk førstehjelp;

### **Psykologisk førstehjelp:**

Eit verktøy med utgangspunkt i kognitiv terapi: Å trenar seg opp til å tenkja hensiktsmessige tankar som kan hjelpe når me får ein vanskeleg følelse. Raude og Grøne tankar. Sei litt om responen hjå elevane i gruppa. At ei jente ikkje hadde kvidd seg for å gå på skulen, og at 2 jenter ikkje hadde krangla etter at dei starta på kurset. Gje eksempel.

### **Symjeundervisning :**

Litt om det me øver på:

Kompetansemål etter 4. trinn: vera trygg i vatn og vera symjedyktig.

Symjedyktig: Rull uti på djupt vatn. Søm 100 m på magen. Stopp og kvil (flyt på mage, rull over, flyt på rygg) samla i 3 minutt. Søm deretter 100 m. på rygg.

På veg mot målet har me øvingar som å dukke ned og hente ting, hoppe frå kant. Gli i vatenet, flyt og sørme på mage og rygg.

"Svømme og livredningsopplæringen skal vera prega av trivsel, trygghet og glede".

Viss nokon er utrygge i vatn, oppmoder eg om at forerldra tek elevane med i basseng i tillegg til den øvinga dei får på skulen.

5 av 9 elevar klarte målet. Elevane veit sjølv kva dei treng å tena på: Øv i sommar. Dersom dei er litt forsiktige i vatn, frys lett eller veldig bestemte og ikkje vil innøva nye mønster, tar det lengre tid å nå målet.

### **Praktiske ting:**

- **Ok med SMS viss me har bruk for å gje beskjedar?**
- **Me kjem til å ta ein tur til NGIR i samband med tema i naturfag amg kildesortering.**
- **Me orienterte om prosjektet neste veke der temaet er Sjøbruk. Info er sendt ut til heimane.**
- **Me får ein ny elev i 3.klasse i slutten av Mai. Han er frå Romania og Han kjenner Liviu.**

## **Klassane kvar for seg:**

### **4. klasse:**

#### **Norsk:**

Me jobbar godt i norsk for tida. Me føl Eg- kan måla i mappene. Står på planen kvar veke. – og me oppsummerer målet med eit spørsmål bak på planen og oppgåver på fredag. Målet dette året var å få ein så god lesefart som mogeleg, at dei forstår kva dei les og kan reflektera og meina om det dei les. At skrifta er automatisert, er rett og fin. Eg syns me har klart målet så langt som den enkelte har ressursar til. Nest år vert det meir djupdykk i tekstar og den grunnleggjande lsese og skriveopplæringa er i boks så langt som mogeleg.

#### **Matte:**

No er det Janne Kari som planlegg og underviser klassen. Eg jobbar spes ped i klassen. Målet har vore å verta trygg på dei fire rekneartane og kunna gongtabellen.

Me skal ha M-4 prøven no i vår. Og Multi 4. Då får me status for kvar den enkelte står. Den får de tilbakemelding på på samtalen i mai.

**Engelsk:** Me jobbar etter Stairs boka. Fin bok med god lærarvegledning. Høg kompetanse, flinke å lesa. Og å samtala. Kva syns de om leseleksene?

#### **Saker til stort foreldremøte**

Foreldra kjem med innspel. Det har kome inn forslag om å ta opp Mobbing allereie, og foreldra i 4.klasse støtta forslaget. Det vart også føreslått å ta opp tema om fleire sosiale møteplassar i Mykingbygda.

#### **Val av klassekontakt:**

5. kl.: Linda er vara for Fau repr og sit 1 år til.  
Edmund har vore 2 år i FAU og står på val. Ida Nordahl vart vald som ny FAU representant.

Bodil

